

01.08.2010

Dølemo Nærmat AS

Dagligvarebutikken for DEG!

Kontaktperson:

Daglig leder: Daniela Plozicki

Styrets formann: Olav E. Føreland

Månadsbrev

Juni og juli

Ein god sommar!

Endelig tenkjer mange av dykk.....endelig kom det eit livsteikn frå butikken åkkås. Vi har høyrte at det var fleire som sakna at det ikkje kom noko brev i juni, men tida renn frå nokon kvar og junibrevet vart då prioritera bort - beklagar.

Noko har likevel skjedd på butikken, ikkje synlege - og synlege endringar.

Vi har fått støypt terrasse på langsida av butikken mot Dølemokrysset, og vi tykk at det har blitt veldig bra. Det skal settast ned rekkverk og blomar/buskar langsmed kanten for å pynte litt opp. Ei spesiell takk til Bjørn Gunnar Baas og Baas Entreprenør AS m.fl. for fantastisk innsats for å få gjort arbeidet. Det kosta ikkje Dølemo Vekst meir enn sementen!

Dykk har og kanskje lagt merke til at vi har fått opp to flaggstenger attmed vegen. Ein telefon til Aanesland Fabrikker AS - og vips så hadde vi stengene heilt gratis. Vi tykk sjølv at det pynta fælt opp. Tusen takk Aanesland!

Dølemo Nærmat AS har hatt det ein kan kalle ein god sommar så langt. Vi har hatt mykje turistar innom og handelen har gått godt. Det er moro å sjå at fleire og fleire hyttefolk og brukar Dølemo Nærmat som sitt naturlege val når dei er på ferie. Det er ikkje alltid vi klarer å ha inne dei varene folk til ei kvar tid vil ha, men vi prøver så godt vi kan. Minnar om at dykk må seie ifrå om noko ikkje er som det skal vere, men og gi litt skryt om dykk er nøgde! :-)

Dølemo Nærmat slit ennå alvorleg med likviditeta og er på etterskot med betalingar til sine leverandørar. Det kan sjå ut som at situasjonen er under betring, men det gir både styret og dei tilsette "mageverk" når det "bles som verst" . Det er difor viktig at dykk som bur på Dølemo og omegn ser verdien av butikken åkkås og brukar han så mykje dykk kan :-)

Det vert ope PUB under Dølemo-marknaden 2010, noko vi trur vil gje eit godt tilbod til marknaden campingjestar og Åmlifolk generelt. Puben blir ope både fredag- og laurdagskvelden med eit utvida område ute (telt). Laurdagskvelden spelar **Rune Rudberg** og vi håper det kjem mange folk.

Månadens DølemoJoker

Vinnaren for juni vart **Gro Anita Baas** og for juli **Turid Marit Pedersen** (gong nummer 2!) som begge kan kose seg med kvar sitt gåvekort på kr. 500,- Gratulerer!

Helsing styret i Dølemo Nærmat

v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955

Dølemo Nærmat AS



01.08.2010

Dølemo Nærmat AS

Dagligvarebutikken for DEG!

Kontaktperson:
Daglig leder: Daniela Plozicki
Styrets formann: Olav E. Føreland


Månadsbrev

Juni og juli


Merk: Feil i kassasystemet i veke 24 gjer at det er avvik i veke 24 og 25



Omsetningstal veke 22-25



Omsetningstal veke 26-29



Helsing styret i Dølemo Nærmat
v/Olav E. Føreland / Styreleiar Tlf: 90591955

Dølemo Nærmat AS